

## VEILEDAR for VALNEMNDA sitt arbeid.

Vedteke på RSG sitt årsmøte 9.februar 2024.

### Lokallaga i Rogaland sau og geit er delt inn i 5 regionar:

**Dalane:** Bjerkreim, Helleland, Eigersund, Sokndal-Heskestad, Lund.

**Sør-Jæren:** Sør-Jæren og Time.

**Nord Jæren:** Gjesdal, Sandnes, Rennesøy & Mosterøy, Finnøy og Kvitsøy.

**Ryfylke:** Forsand, Strand, Hjelmeland, Suldal, Sauda.

**Nord Rogaland:** Bokn, Nedstrand, Karmøy, Sandeid, Skjold, Tysvær, Vats, Vikedal og Imsland, Ølen.

### Val av medlemmer i valnemnda

- Alle regionar i Rogaland Sau og geit skal vere representert med kvar sitt medlem i valnemnda.
- Lokallaga samarbeider i sin region om innstilling av medlemmer til valnemnda i sin region. Dalane og Nord Rogaland på val i oddetals-år. Ryfylke, Nord-Jæren og Sør-Jæren på val i partals-år.
- Årsmøtet i RSG vel medlemmar i valnemnda, for 2 år, med personleg vara.
- Årsmøtet utnemner leiar av valnemnda, blant dei eksisterande medlemane av valnemnda. Denne blir vald for eitt år om gongen.
- Medlemmar i valnemnda kan sitje i to periodar.
- Ein frå-rår på det sterkeste, at medlemmer i valnemnda blir innstilt til val til styret. Eit medlem av valnemnda bør tidlegast stille til val for styreverv eitt år etter at ein har gått ut av valnemnda.
- Rullering i valnemnda sikrar at det alltid er minst to personar som har vore i valnemnda i eitt år.
- Medlemmar i valnemnda kan søke om køyregodtgjersle.

### Valnemnda sitt arbeid

- Arbeidet bør starte i oktober.
- Leiar av valnemnda har dialog med styret i RSG før oppstart.
- Valnemnda har ansvar for å kartlegge om tillitsvalde som er på val stiller seg disponibel for attval.
- Valnemnda bør vere representert på regionmøter.
- Styret i RSG legg til rette for eit felles arbeidsmøte med valnemnda i november.
- Valnemnda si innstilling, inkludert satsar for godtgjersle og honorar, skal vera klar seinast 4 veker før årsmøtet, og sendast til styret i RSG.

## Tips til arbeidet med å finne medlemmer til styret i RSG

- Styret skal vere organisasjonen sitt ansikt ut.
- Styret skal fungere som eit team og utfylle kvarandre.
- Oppdaterte medlemslister skal vera tilgjengelege for valnemnda.
- Valnemnda bør kartlegge eigenskapar og ressursar ved å intervju styremedlem, og aktuelle styremedlem for eit nytt styre.
- Medlemmane i valnemnda har teieplikt om intervju av kandidatar og alle prosessar i arbeidet.

## Val

---

### Styret

Styret har 5 faste plasser og 3 vara plasser. 1. vara skal møta fast på alle styremøte.

**Leiar** velje for 1 år.

**Styremedlem** 2 stk. velje for 2 år

**Varamedlem** 3 stk. velje for 1 år.

**Nestleiar:** eitt av styremedlemene må veljast som nestleiar, for 1 år om gongen.

- Medlemmene til styret skal veljast frå alle regionane i fylket. Leiar skal veljast uavhengig av regionane,
- Den regionen som ikkje er representert med fast plass i styret, skal ha 1.vara.
- Den regionen som har hatt 1.vara plass, bør ha fortrinnsrett ved neste høve til fast plass i styret.
- Varaplassane er eitt-årige, her bør kandidatar som er viljuge til å tre inn i styret, setjast inn.
- Det er ei klar tilråding at vara-medlemmene vert nytta i organisasjonsarbeidet.
- Vara-plassane til styret bør representere ulike regionar.

**Møteleiar:** Valnemnda skal innstille ein person og vara, til å leia årsmøtet for komande periode. Begge veljast for 1 år.

**Revisor:** RSG skal ha to revisorar. Revisor blir vald for 2 år om gongen. Valnemnda skal innstille 1 person til revisor per år, samt 1 vara revisor for eitt år.

**Honorar:** Valnemnda skal ta stilling til honorar for komande periode.

Dette gjeld Leiar, nestleiar, kasserer, styremedlem og 1.vara i styret, samt kåringsansvarleg, og leiar med vara i avlsutvalet.

**Godtgjersle:** Valnemnda skal ta stilling til sats for møtegodtgjersle og køyregodtgjersle for styremedlemmene i komande periode. Ein bør vise omsyn til skattepliktig grense.

**Rogaland Sau og Geit**

